

Frå **STJERNESTI**

# Elva 4:28

Lite utspring høgt i fjell  
Myr og bekk vart fossevell  
Ned langs dalar, utfor stup  
Heilt frå berg og ned i djup  
Edens hage gav du liv  
Paradis med skog og siv  
Vatnet greina seg og rant  
strøymde ut til mange land

Du har reist langt  
Du har sett ditt preg  
på kvart kontinent  
skapt din eigen veg  
Du kjem med liv  
Håp er med di ferd  
I eit evig kretsløp  
vatnar du vår verd

Dyr og fiskar får du sjå  
Steiner, gras og vakre strå  
Langsam, hurtig, - ofte fri  
som ein vakker symfoni  
Gjennom byar, under bru  
Folk og varer fraktar du  
Harde kamper, styr og stull  
Mange kjempa om ditt gull

Smal og liten, stor og brei  
Byar oppstår langs di lei  
Akveduktar løfter deg  
Dike leiar deg på veg  
Overalt er dine spor  
Dannar ørken om til jord  
Knyter saman folk og land  
Verda lever av di hand

Ragnar Bjerkreim, *musikk*  
Ragnar Bjerkreim og Ingvar  
Hovland, *tekst*

Kristin Asbjørnsen, *vokal*  
Anja Eline Skybakmoen, *kor*  
Rune Arnesen, *trommer*  
Eivind Aarset, *gitar*  
Frode Berg, *bass*  
Ragnar Bjerkreim, *synth og elpiano*

Innspelt i Rainbow Studio  
Martin Abrahamsen, *lyd*  
Holand Sound, *vokalopptak*  
Alf Christian Hvidsteen, *koropptak og miks*  
Peer Espen Ursfjord, *mastering*



tremblingrecords  
www.tremblingrecords.no

foto: HANS FREDRIK ASBJØRNSEN | redigert: DESTEN

Kristin Asbjørnsen